

20/5959 - Høyringsvar fra Høgskulen i Volda på Invitasjon til å gi innspill til strategi for norsk deltakelse i det europeiske forsknings- og innovasjonssamarbeidet - via regjeringa.no

Vårt saksnummer: 20/5959

Høyring: Invitasjon til å gi innspill til strategi for norsk deltagelse i det europeiske forsknings- og innovasjonssamarbeidet

Levert: 10.02.2021 15:09:10

Svartype:

Gruppering av høringsinstanser: Forsknings- og undervisningsinstitusjon

Avsendar: Høgskulen i Volda

Kontaktperson: Johann Roppen

Kontakt e-post: johann.roppen@hivolda.no

1. Skriftleg innspel til ny nasjonal strategi for Erasmus+ 2021-2027

Under pandemien er det fleire årskull av studentar som har gått glipp av moglegheita for utveksling og praksis i utlandet. Vi veit også at internasjonal arbeidserfaring og arbeidslivsrelevans er høgt prioriterte områder i nasjonale strategiar for UH-sektoren. HVO meiner difor at ein bør satse på Erasmus+ praksis i etter grad dei neste par åra. Dette kan ein gjere ved å utforme nasjonale prosedyrar for å registrere studentane med post-studierett som gir rettigheter til administrativ og fagleg støtte, samt Lånekasse-stipend for praksisperioden i utlandet.

Gjennom Erasmus+ programmet er det muleg å tilby stipend til studentar som ynskjer å gjennomføre praksis i utlandet i etterkant av avslutta grad (Jf Recent graduate traineeship). Dette er lite brukt i Noreg ettersom det ikkje passar godt inn i våre system og rutinar. For institusjonane virkar det usikkert med tanke på beredskap, fagleg oppfølging og administrativ støtte når studentar tek praksis etter dei er ferdige med studia. Sjølv om mange institusjonar, slik som Høgskulen i Volda, tilbyr støtte til studentar som vel dette, er det også slik at studentane ikkje lenger får Lånekasse-støtte for praksis etter grad fordi dei formelt ikkje lenger er studentar.

Mål og ambisjonar

· Kva ynskjer vi å oppnå gjennom deltaking i Erasmus+?

· *Kva mål meiner vi bør vere for den nasjonale deltakinga i Erasmus+*

Høgskulen i Volda (HVO) ynskjer å auke den internasjonale komponenten i våre utdanningar og få fleire studentar og tilsette til å ha eit utvekslingsopphald ved eit av våre partneruniversitet i Europa. Internasjonal utveksling og samarbeid går også inn som ein integrert del i kvalitetsarbeidet ved utdanningane.

Den nasjonale målsetjinga for Erasmus+ bør vere å auke talet på prosjekt med norsk deltaking og auke talet på studentar og tilsette som gjennomfører eit utvekslingsopphald ved eit europeisk universitet. Ein bør også sjå på Erasmus+ programmet, med sitt fokus på innovasjon og digitalisering, som eit verktøy for å vidare modernisere norsk UH-sektor i samarbeid med den europeiske kunnskapssektoren.

Moglegheiter og utfordringar

· *Kva betydning har Erasmus+ for HVO?*

· *Ser vi nye moglegheiter ved deltaking i Erasmus+?*

· *Kva er dei største utfordringane og hindringane knytta til deltaking i Erasmus+?*

· *Korleis arbeider vi med å mobilisere og støtte opp under deltaking?*

· *Kva nasjonale, regionale og lokale støttetenester er særleg viktige for at HVO skal lykkast i europeisk samarbeid?*

Erasmus+ har ei stor strategisk betydning for HVO og spesielt internasjonaliseringsarbeidet. Mange av våre viktigaste internasjonale samarbeid og prosjekt er finansiert gjennom Erasmus+ og dei aller fleste innreisande utvekslingsstudentar til HVO er Erasmus+ studentar. Sjølv om vi er ein relativ liten institusjon, har HVO over 90 Erasmus+ utvekslingsavtalar med UH-institusjonar i Europa. I den nye programperioden ser vi spesielt at det er høve til å styrke samarbeid med nære Erasmus+ partnerar gjennom prosjektsamarbeid og nettbasert samarbeid.

For å auke deltakinga i Erasmus+ aktivitetar, vil HVO forsterke fokuset på prosjektsamarbeid og andre satsingar enn rein individuell mobilitet (student- og tilsettutveksling). Vår erfaring er at fagmiljøa vert meir delaktig i internasjonaliseringsarbeidet når det er knytt til prosjektsamarbeid. Det er også meir sannsynleg å nå ut til flest mogleg studentar når Erasmus+ aktiviteten vert knytt til studiet/emnet enn om deltaking i Erasmus+ er avhengig av at studenten sjølv søker om utveksling.

Internasjonalt kontor ved HVO informerer internt om moglegheitene som ligg i Erasmus+ programmet. Det vert halde årlege møte med alle institutt/seksjonar, der Erasmus+ deltaking er eit av punkta ein går igjennom. Dessverre ser vi at Covid-19 pandemien har hatt ei negativ

innverknad på interessa for nye internasjonale satsingar, men vi satsar på at dette snart snur.

For HVO sin del er informasjon, tilrettelegging og rettleiing frå Diku det aller viktigaste for at vi kan lykkast i våre søknader om Erasmus+ midlar.

Informasjon og bruk av kunnskap og resultat

· *Opplever vi at vi har god informasjon om europeisk politikkutvikling og samarbeid, som grunnlag for vår deltaking i Erasmus+?*

· *Kva er våre viktigaste informasjonskanalar?*

· *Korleis jobbar HVO systematisk for å spreie og ta i bruk kunnskap og resultat frå samarbeid i*

Erasmus+ i vår eigen organisasjon?

Internasjonalt utval med fagpersonar frå alle avdelingar og der det også er representert studentar er den viktigaste informasjonskanalen for intern informasjon om Erasmus+. På det uformelle planet er også studentmøteplassen "Pangaia" viktig. Den er plassert sentralt på høgskuleområdet og er bemanna med studentar.

Samspel med andre ordningar, organisasjonar og politikk/fagområder

· *Kva moglegheiter og utfordringar ser vi når det gjeld å utnytte synergien mellom Erasmus+ og det komande europeiske utdanningsområdet og andre europeiske program/iniativ?*

· *På kva områder og korleis ynskjer HVO å utnytte synergier mellom Erasmus+ og det europeiske forskings- og innovasjonssamarbeidet (Horisont Europa)?*

· *I kva grad ser HVO synergier til andre internasjonale prosessar?*

· *Kva moglegheiter og utfordringar ser HVO når det gjeld å utnytte synergier mellom ulike nasjonale program og Erasmus+?*

HVO har til no altfor få forskingsprosjekt knytt til Horisont 2020 etc. til at vi kan snakke om synergier mellom Erasmus+ og Horisont 2020/Europa.

Derimot ser vi moglegheita for at internasjonale prosjekt og satsingar kan rykke opp i ambisjonsnivå, frå småskala partnerskap til Strategiske partnerskap – og frå strategiske partnerskap til partnerskap om forskning.

Alt utdanningssamarbeid inneheld også eit element av FoU-samarbeid, då undervisning er forskingsbasert og vitskapleg tilsette har både undervisning og forskning i sine stillingar. Ved HVO ynskjer vi å bruke Erasmus+ programmet som eit lågterskeltilbod for vitskapleg tilsette som ynskjer å verte internasjonalt aktive utan at dei har sjølvtilitt eller kapasitet til å søkje om internasjonale forskingsmidlar. Erasmus+ tilsettmobilitet kan vere første

steg, medan eit andre steg kan vere deltaking i Erasmus+ samarbeidsprosjekt.

Alle svar må gjennom ei manuell godkjenning før dei kan visast på regjeringa.no.